

# Utsegn om metodefaget på Det juridiske fakultet i Bergen etter ei ny studiereform

Forfatta av professor dr.juris Jørn Øyrehagen Sunde 8. desember 2017

Forslaget er at metodefaget skal vera sett saman av to komponentar: ein del fordelt på samlege materielle fag på studieplanen, og eit eige fag på 4. studieår på 12 studiepoeng. Dette to komponentane vert handsama kvar for seg nedanfor.

Ein har på ulike fakultet ved ulike studiereformer hatt som ambisjon at metode skal undervisast som ein del av dei materielle faga på studieplanen, utan å lukkast. Mykje av årsaka er at ambisjonen har ikkje vorte konkretisert, samstundes som alle fag får færre studiepoeng – og dermed pensumsider, førelesingstimar, storgruppe/seminarsamlingar, etc. – enn den fagnasvarlege føler er nødvendig for å koma i djupna på det materielle. Skal ein lukkast i den komande studiereforma ved vårt fakultet, må ambisjonen altså konkretiserast. Eg vil føreslå følgjande:

1. Det må vedtakast at juridisk metode skal vera ein del av pensum, førelesingar og storgruppesamlingar i alle fag ein underviser i på Det juridiske fakultet i Bergen.
2. Det skal òg i kvart fag lagast eit digitalt undervisningsmateriale om metode, som ikkje treng vera pensum, men som må vera tilgjengeleg for studentane gjennom Mi side.
3. Metodefaget skal utgjera minst 10% av pensum. Vidare skal det utgjera 2 førelesingstimar, og skal vera tema på ei storgruppesamling, per 10 studiepoeng.
4. Metode skal alltid vera ein del av eksamen, og metoddelen skal telja minst 10% av karakteren.
5. Metodefaget skal knytast opp til det materielle, og det metodisk spesielle i dei ulike faga på studieplanen.
6. Heilskapen i metodeundervisninga skal sikrast gjennom ein eigen metodeansvarleg/ansvarlege, som både har ansvaret for faget på 4. studieåret, og for

dei ulike metodeinnsлага på dei andre faga på studieplanen. Det siste skal skje i samarbeid med fagansvarleg.

7. Det er den fagansvarlege og den metodeansvarlege som saman skal avgjera kva metodiske tema som skal handsamast i kvart fag på studieplanen.
8. Det er den fagansvarlege som avgjer pensum i metode i sitt fag, og som avgjer kven som faktisk står for metodeundervisninga i faget.

Svært mange av dei tema ein gjerne fører inn under termen 'allmenn juridisk metode' vil dermed verta handsama i kvart av dei materielle faga på studieplanen. Metodefaget på 4. studieåret bør difor ha ein noko vidare nedslagsfelt som skaper både ei vidare og breiare forståing av metode, samt ei forståing av metode som er tilpassa utfordringane i vår samtid:

1. 3 studiepoeng av metodefaget skal viast metodiske utfordringar i samtida.
2. 3 studiepoeng av metodefaget skal viast juss og digitale instrument. Juridisk fakultetsbibliotek skal involverast i denne delen av metodeundervisninga.
3. 3 studiepoeng av metodefaget skal viast juss og bruk av empirisk metode.
4. 3 studiepoeng av metodefaget skal viast komparativ metode.
5. Eksamen i faget skal vera ein gruppeheimeeksamen med etterfølgjande munnleg eksamen (som i dag vert nytta i København på kull med 750 studentar).

Dei fire delane skal ikkje oppfattar som distinkt forskjellige, men som ein del av ein heilskap, og skal difor helst gli over i kvarandre.